



Miljøløftet

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 03.06.2024

Sak 38/24 Økonomirapportering for Miljøløftet pr. 1. tertial 2024

Bakgrunn

Denne saka gir ei oversikt over prognose, og avvik sortert etter finansieringskjelde, og samanliknar desse med budsjett/ disponible midlar i 2024. Det er år 2024 i handlingsprogram 2024-2027 som er samanlikningsgrunnlaget.

Økonomirapporteringa pr. 1. tertial byggjer på rapporter levert av partane som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis har vore målretta mot Miljøløftet, men at dei er del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/ eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane og legg til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet får naudsynt oversikt, og dermed ha grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter. Saka byggjer med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21. Det er forventa at styringsgruppa tar stilling til identifiserte avvik, veger måloppnåing og økonomi mot kvarandre, og fattar vedtak ved behov.

Oppbygging av økonomirapporten for tertialrapport 1

Rapporten (denne saka) er strukturert slikt:

- Viktige moment
- Overordna prognose pr. 1. tertial 2024 for Byvekstavtalen
- Post 30 Programområdemidlar
 - o Post 30 på riksveg
 - o Post 30 på kommunal og fylkesveg (teknisk overført til post 66)
- Post 66 Tilskot til byvekstavtalar
 - o Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)
 - o Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar
 - o Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)
 - o Belønningsmidlar til kommunane
- Fylkeskommunalt bidrag
 - o Tiltak frå Handlingsprogram 2024-2027 år 2024
- Oppsummering og overordna prognose bypakke Bergen

Viktige moment

Prognosen for byvekstavtalen viser eit mindreforbruk på 199,8 mill. Dette skuldast hovudsakeleg mindreforbruk på Post 30 midlar (Rv, Fv, og Kv) på 203,2 mill., og eit meirforbruk på ca. 6,3 mill. på fylkeskommunale midlar. Sekretariatet minner om prinsippet om realistisk budsjettering inn i kommande rulleringar. Det er særleg uheldig at det blir ståande ubrukte tilskot på fond hos kommunane/ fylket, eller ubrukte budsjettmidlar hos staten.

Her er ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- Vedrørende Post 30 riksveg, er det meldt om endringar i sluttprognosen som utgjør ei samla innsparing på ca. 122 mill. Denne innsparinga er varig og gir moglegheit for omfordeling til andre prosjekter på E39 Sykkelstamveg Bergen.
- Prognosen for Post 66 midlar viser eit samla mindreforbruk på 3 mill. ved årsslutt, som er ein vesentleg endring sett mot mykje større mindreforbruk registrert i tidlegare år.
- Prognosen for rekvireringsbehovet av bompengar i 2024 er 375,7 mill. Dette er om lag 460 mill. lågare enn prognosen for netto bompenginntekter.
- Partane understrekar at prognosane for fleire av prosjekta er prega av usikkerheit.

Overordna prognose pr. 1. tertial 2024 for Byvekstavtalen

Prosjekta i byvekstavtalen har ein samla prognose på 1,1 mrd. kroner i 2024. Prognosen viser eit samla avvik/ mindreforbruk på 199,8 millionar kroner ved årsslutt (sjå tabell 1). Mindreforbruket er større enn i same periode i fjor, då det var 181 millionar i mindreforbruk. Mindreforbruket i 2024 skuldast i hovudsak mindreforbruk på Post 30, både på riksveg, og fylkeskommunal- og kommunalveg.

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i 1000 2024-kr.)

Økonomirapportering per 1. tertial 2024 (Tal i 1000-kr)							
Finansieringskjelde	HP24-27 år 2024	Løyving 2024	Overført frå tidlegare år	Til disp. 2024 (løyving + overført)	Prognose 2024 v/T1	Avvik (til disp. - prognose 2024 v/T1)	Kommentar
Post 30: Programområdemidlar riksveg	170 400	165 600	12 703	178 303	93 923	84 380	Det samla avviket på post 30 på riksveg, består av eit mindreforbruk på ca. 84 mill. Det er hovudsakeleg prosjekta E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg-Bergen sentrum, og E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold som bidrar til mindreforbruket. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 2.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	113 700	114 100	147 577	261 677	142 806	118 871	Avviket på post 30 på kommunal og fylkesveg består av eit mindreforbruk på 119 millionar. Endringa skuldast alle fire prosjekt som er ein del av HP 24-27. Desse prosjekt har ein årsprognose for 2024 som er i tråd med løyvinga i 2024, men dei har også fått overført betydeleg ubrukte midlar frå 2023 på ca. 123 mill. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 3.
Post 66: Belønningmidlar til tilskotsordningar i byområder:							
- til kommunane	57 700	39 512	15 556	55 068	57 700	-2 632	Prognose kommunale prosjekt baserer seg på handlingsprogram 2024 for Miljøløftet. I denne omgang er det ikkje differensiert på drift/investering på enkeltprosjekt
- til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	324 500	325 488	30 149	355 637	350 000	5 637	Skyss brukar midlane i henhold til plan, inkludert investering på 10 mill.kr til bybåt Bergen. For 2024 er kostnadane med driftstiltaka inflasjonsjustert med SSB bussindeks for 2019 - 2023.
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - bedre kollektivtilbud og reduserte bompenger	124 400	126 000	6 900	132 900	132 900	0	Styringsgruppa i Miljøløftet har vedteke å slå saman dei to pottane tilskot til reduserte bompengar og tilskot til betre kollektiv, frå og med 1. mars 2023. Heile potten er dermed avsett til Bybanen, utan nærare konkretisering. Dersom Stortinget si behandling av NTP gjev midlar til Bybanen BT5 i første periode, vil heile tilskotet nyttast til dette prosjektet. Dersom prosjektet ikkje er omtala i NTP vil partane i Miljøløftet einast om annan bruk innanfor området kollektivinfrastruktur. Bergensområdet har store behov innanfor dette området, og vi stadfester at heile tilskotet vil bli nytta i budsjettåret 2025. Det vert lagt opp til sak om dette i styringsgruppa i august 2024
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - reduserte billettpriser til kollektivtrafikk	55 900	58 100	23 600	81 700	81 700	0	Midlane blir brukt til reduksjon av pris periodebillett og til fleksibel billett/reiserabatt
Prosjekt finansiert av VLFKs andel i byvekstavtalen	304 200	277 800		277 800	284 180	-6 380	Det fylkeskommunale bidraget finansierar mange enkelttiltak, samt fleire samlepottar med delprosjekt. Det samla meirforbruket er ein kombinasjon av avvik på fleire tiltak/samlepottar
Sum byvekstavtalen	1 150 800	1 106 600	236 485	1 343 085	1 143 209	199 876	

Post 30 Programområdemidler

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser prognosen for totalkostnad, samt årsprognose for prosjekta finansiert av Post 30 midlar på riksveg. Det er seks prosjekt som ligg i Bergen kommune, og som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2024, enten det er ubrukte midlar frå 2023, nye midlar over statsbudsjett 2023, eller begge delar. I tillegg var det to nye prosjekt i handlingsprogrammet som ikkje fekk midlar i statsbudsjettet 2024. Desse prosjekta inngår ikkje i tabellen nedanfor. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar.

Total prognose

Det er meldt om endringar i sluttprognosen for to prosjekt som utgjør ei samla innsparing på ca. 122 mill. Denne innsparinga er varig og gir moglegheit for omfordeling til andre prosjekter på E39 Sykkelstamveg Bergen. Desse prosjekta er *E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum*, og *E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate*. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 2.

Samla prognose for totalkostnad viser likevel eit meirforbruk på ca. 207 mill. samanlikna med totalkostnad i HP 24-27. Dette må handsamast i framtidige rulleringar.

Prognose årsrekneskap

Det samla avviket på post 30 på riksveg, består av eit mindreforbruk på ca. 84 mill. Det er i hovudsak prosjekta *E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum*, og *E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold* som bidreg til mindreforbruket. Se kommentar for kvart prosjekt i tabell 2.

Tabell 2 - Prognose på prosjekt finansiert av post 30 midlar til riksveg (tal i 1000 2024-kr.)

Tiltak	PROGNOSE TOTALKOSTNAD				PROGNOSE ÅRSREKNESKAP							
	Totalkostn. i HP 2024-2027	Prognose totalkostn.	Avvik totalkostn.	Kommentar totalkostnad frå byggherre	HP 2024-2027 År 2024	Løyving 2024	Overført frå tidl. år	Til disp 24 (løyving + overført)	Rekneskap pr. 30.04.24	Prognose 2024 v/T1	Avvik 2024 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose fra byggherre
E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Kristianborg–Bergen sentrum	1 272 000	1 365 000	-93 000	Godkjent prognose for sluttkostnad er på 1 466 mill.kr. Prosjektet har redusert sin prognose for sluttkostnad til 1 365 mill.kr. Dette innebærer at vi antar en varig innsparing på 101 mill. i forhold til godkjent prognose. Beparelse kan omfordes til andre prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen. Sluttprognosen er 172 mill.kr høyere enn opprinnelig styringsramme. E39 Sykkelstamvegen åpnet for trafikk i april 2023. Bybanen var eksternt byggherre. Overlevering til drift er nesten ferdig.	81 600	100 000	-59 320	40 680	219	500	40 180	Prosjektet har et mindreforbruk på 40,2 mill.kr. Mindreforbruket kan varig omdisponeres til andre prosjekter i Byvekstavtale Bergen.
E39, Fv558 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	364 300	413 300	-49 000	Sluttprognosen er justert ned til 413,3 mill.kr, som er 21,4 mill. lavere enn godkjent prognose for sluttkostnad på 434,7 mill.kr. Prosjektet hadde trafikkåpning i 2022. Hittil i 2024 har arbeidet bestått av å ferdigstille styring av variable skilt. Arbeidet avsluttes i april og prosjektet overleveres fylke mai 2024.	38 800	35 600	-39 654	-4 054	664	500	-4 554	Prosjektet har et merforbruk på 4,6 mill. kr. som skyldes et overført merforbruk på 4,1 mill. Det er søkt om varig omdisponering på 3,5 fra prosjektet E39 Sykkelstamveg Minde Allé – Fabrikkgaten
E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun-Skjold	252 500	389 300	-136 800	Prosjektet sin totalprognose er lik godkjent prognose på sluttkostnaden på 389,3 mill.kr. Prosjektet fikk godkjent sluttprognosen i desember 2023 som er 122,1 mill.kr høyere enn opprinnelig styringsramme. Prosjektet ble lyst ut i midten av desember 2023 med planlagt tilbudsfrist august 2024. Det jobbes videre med forhandlinger og inngåelse av kontrakt. Forventet byggstart okt/nov.2024.	50 000	30 000	28 173	58 173	5 426	27 300	30 873	Prosjektet har et mindreforbruk på 30,9 mill. som skyldes at utlysningstidspunktet er forskjøvet i hht. plan pga. reguleringsendringer.
E39, Fv577 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken –Glass Knag	186 500	214 900	-28 400	Totalprognose 214,9 mill. kr som er lik godkjent styringsramme. Entreprenøren har begynt bygging av kontraksarbeid på Bradbenken. De vil jobbe seg fortøpende mot Sandvikstorget. Arbeid langs Glass Knag vil starte opp når igangsettelsetillatelse er gitt av Bergen kommune	0	0	78 379	78 379	2 601	64 000	14 379	Stat: Prosjektet har et mindreforbruk på 8,4 mill. som skyldes at utlysningen ble forskjøvet i tid. Tilskudd: Prosjektet har et mindreforbruk på 6 mill.kr. Det er ventet at tilskuddet blir rekvirert i 2026.
E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5, Fjysangerveien/Solheimsgaten - Fabrikkgaten	100 500		100 500		0	0	3 502	3 502			3 502	Finansiering og bygging gjennom Post 30 begynner i 2026
E16 Olav Kyrres gate		226 800		Godkjent prognose for sluttkostnad er 266,5 mill.kr. Prosjektet sin totalprognose 226,8 mill.kr. Dette er en innsparing på 39,7 mill. i forhold til godkjent prognose. I 2024 blir det slutføring av arbeid med kanter og signalanlegg i Foreningsgaten som har vært midlertidig tiltak siden Olav Kyrresgate ble ferdigstilt. Oppretting av universell utforming på holdeplass i Olav Kyrresgate etter avtale med Blindeforbundet.	0	0	1 623	1 623	492	1 623	0	Ikke en del av HP 24-27. Ingen avvik
Sum POST 30 - midlar riksveg	2 175 800	2 609 300	-206 700		170 400	165 600	12 703	178 303	9 402	93 923	84 380	

Post 30 på kommunal og fylkesveg (overført til post 66)

Tabell 3 viser totalprognose, og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30 på kommunal og fylkesveg. Det er åtte prosjekt som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2024, anten det er ubrukte midlar frå 2023, nye midlar over statsbudsjett 2024, eller begge delar. I tillegg var det fem prosjekt i handlingsprogrammet som ikkje fekk midlar i statsbudsjettet 2024. Desse prosjekta inngår ikkje i tabellen nedanfor. Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt sin prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet. Denne er grunnlaget for tabell 3.

Total prognose

Det er ikkje meldt om vesentlege endringar i totalprognosen for prosjekt i denne finansieringskjelda. For prosjekt i HP 24-27 er det meldt om eit samla mindreforbruk på ca. 6 mill. kroner. Dette er i hovudsak knytt til eit mindreforbruk på 14,8 mill. for prosjektet *Kv1136 Sentrumsgate Grønomyrsvegen*, og eit meirforbruk på 6,3 mill. for prosjektet *Fv5254 Kleppevegen ved Myrane*. Sjå kommentar for kvart prosjekt i tabell 3.

Prognose årsrekneskap

Avviket på post 30 på kommunal og fylkesveg består av eit mindreforbruk på 118,8 millionar. Endringa skuldast alle fire prosjekt som er del av HP 24-27. Desse prosjekta har ein årsprognose for 2024 som er i tråd med løyvinga i 2024, men dei har også fått overført vesentleg ubrukte midlar frå 2023 (ca. 123 mill.). Sjå kommentar for kvart prosjekt i tabell 3.

Tabell 3 - Prognose på prosjekt finansiert av post 30 midlar til kommunal og fylkesveg (tal i 1000 2024-kr.)

Tala er i 1000 2024-kr.												
Byggherre/kommune	Prosjekt i handlingsprogram 2024-2027.	PROGNOSE TOTALKOSTNAD			PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2024							
		Total-kostnad i HP 2024-2027	Prognose totalkostnad	Avvik totalkostn.	HP 2024-2027 (år 2024)	Løyving 2024	Overført frå tidl. år	Til disp (løyving + overført)	Prognose 2024 v/T1	Avvik 2024 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose frå byggherre	
Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	225 700	231 978	-6 278	39 600	40 000	27 100	67 100	46 000	21 100	Endra framdrift tidlegare år gjer at det vert høgare aktivitet i 2024 enn det som var lagt opp for 2024. Teke igjen noko av etterlepet, men ikkje alt. Inga endring i totalprognosen.	
Bjørnafjorden	Fv552 Etablering av trafikkikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	168 300	169 710	-1 410	35 000	35 000	47 100	82 100	30 000	52 100	Endra framdrift frå tidlegare år gjer at det over post 66 vert eit mindreforbruk på statleg løyving på tiltaket. Bygginga av tiltaket starta mars 2024.	
Øygarden	Kv1136 Sentrumsgate Grønomyrsvegen	71 100	56 300	14 800	27 700	27 700	33 360	61 060	30 000	31 060	Anleggstart 03.mai 2024 og planlagt ferdigstilling sein sommaren 2025. Prognose er fordelt for 2024 og 2025 i forhold til prognose totalrekneskap.	
Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	48 900	50 249	-1 349	11 400	11 400	17 800	29 200	17 000	12 200	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig våren 2025. Forskyving frå tidlegare år gjer at det vert eit mindreforbruk over post 66 i år.	
Bergen	Infrastruktur Paradis		250 080	-250 080			707	707	707		Ikke en del HP 24-27. Disponible midler på 0,7 mill. er overført fra 2023 og vil bli brukt i år. Grunnrentreipen er ferdigstilt, men sluttoppgeret pågår. Paradis bru vert montert sommaren 2024.	
Askøy	Kv1158 Kvernhusdalen		19 000	-19 000			19 099	19 099	19 099		Ikke en del HP 24-27. Disponible midler på 19,1 mill. er overført fra 2023. Prosjektet har vært noe forsinket på grunn av usikkerhet rundt grunnforhold. Per dags dato er prognosen at totalkostnad blir ca 19 mill. og åpning vil være rundt medio juni.	
Bjørnafjorden	Kv1027 Gymnasvegen del 2			0			239	239		239	Ikke en del HP 24-27. Prosjektet er ferdig med et mindre forbruk på kr. 239,269	
Øygarden	Kv. 1146 Kulvert Idrettsvegen		8 228	-8 228			2 172	2 172		2 172	Ikke en del HP 24-27. Prosjektet er ferdig og det er ikke behov for restbeløpet på 2,172 mill. som ble overført fra 2023. Disponibelt beløp kan overføres til Øygarden sin økonomiske ramme.	
Sum POST 30 kommunal og		514 000	785 545	- 271 545	113 700	114 100	147 577	261 677	142 806	118 871		

Post 66 Tilskot til byvekstavgifter

Tabell 4 gir ei oversikt over midlar på Post 66 Tilskot til byvekstavgifter ved T1 2024. Tabellen er ein ny rapporteringsmal innført av Statens vegvesen, som spesifiserer bruk av midlane i kommunane på drift (kollektiv eller anna), og investeringar (kollektiv, eller anna). Fylket har levert rapporten til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt sin prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet.

Prognosen for post 66 midlar synar eit samla mindreforbruk på 3 mill. ved årsslutt, som er ei vesentleg endring sett mot mykje større mindreforbruk registrert tidlegare år. Dette skuldast i hovudsak:

- Eit totalt forbruk av disponible midlar frå *Reduserte billettprisar kollektiv* (81,7 mill.), og *Reduserte bompengar og betre kollektivtilbod* (132,9 mill.).
- Eit høgt forbruk av *Belønningmidlar til drift av kollektiv (Skyss)* (350 mill.), som utgjer eit mindreforbruk på berre 5 mill. i forhold til disponibelt.
- Eit samla meirforbruk for kommunane på 2,6 mill (fond i kommunane kjem i tillegg).

Belønningmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)

Drift av kollektivtrafikk i Bergen viser eit mindreforbruk på 5 mill. Skyss brukar midlane i tråd med plan, inkludert investering på 10 mill. til bybåt Bergen. For 2024 er kostnadane med driftstiltaka inflasjonsjuserte med SSB sin bussindeks for 2019 - 2023.

Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar

Styringsgruppa i Miljøløftet har vedteke å slå saman dei to pottane *Tilskot til reduserte bompengar* og *Tilskot til betre kollektiv*, frå og med 1. mars 2023. Heile potten er avsett til Bybanen, utan nærare konkretisering. Dersom Stortinget si behandling av NTP gjev midlar til Bybanen BT5 i første periode, vil heile tilskotet nyttast til dette prosjektet. Dersom prosjektet ikkje er omtala i NTP må partane i Miljøløftet einast om annan bruk innanfor området kollektivinfrastruktur. Det vert lagt opp til sak om dette i styringsgruppa i oktober 2024.

Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)

Midlane blir brukt til reduksjon av pris periodebillett og til fleksibel billett/reiserabatt.

Tabell 4 - Rapportering 1 tertial 2024 - Post 66 Belønningmidlar mm

Tilskot	Overførd			Justert tildeling Nedtrekk RNB	Disponib elt i 2024	Prognose regnskap 2024	Avvik disponibelt/ prognose 2024
	løyving frå 2023	VLFK Fond 31.12.2023	Løyving i 2024				
Belønningmidlar		45 705	365 000		410 705	407 700	3 005
Skyss	0	30 149	325 488	0	355 637	350 000	5 637
Drift kollektiv					0	340 000	
Øvrig drift					0		0
Investering kollektiv					0	10 000	
Øvrige investeringar					0		0
Bergen kommune	0	10 702	27 620	0	38 322	44 700	-6 378
Drift kollektiv					0		0
Øvrig drift					0	6 500	
Investering kollektiv					0		0
Øvrige investeringar					0	38 200	
Alver kommune	0	332	2 860	0	3 192	4 600	-1 408
Drift kollektiv					0		0
Øvrig drift					0	4 100	
Investering kollektiv					0		0
Øvrige investeringar					0	500	
Askøy kommune	0	3 796	2 871	0	6 667	2 800	3 867
Drift kollektiv					0		0
Øvrig drift					0	2 800	
Investering kollektiv					0		0
Øvrige investeringar					0		0
Bjørnafjorden kommune	0	1 132	2 418	0	3 550	2 000	1 550
Drift kollektiv					0		0
Øvrig drift					0	2 000	
Investering kollektiv					0		0
Øvrige investeringar					0		0
Øygarden kommune	0	-406	3 743	0	3 337	3 600	-263
Drift kollektiv					0		0
Øvrig drift					0	3 600	
Investering kollektiv					0		0
Øvrige investeringar					0		0
Reduserte billettprisar kollektiv		23 600	58 100		81 700	81 700	0
Reduserte bompengar			63 000		63 000	63 000	0
Bedre kollektivtilbud		6 900	63 000		69 900	69 900	0

Belønningsmidlar til kommunane

Tabellane 1 og 4 i dette notatet, visar eit samla meirforbruk for kommunane på 2,6 mill. Dette gjeld prognosen for kva som er på fond hos fylket ved årsslutt 2024. Det har også opparbeidd seg fond i kommunane. Fond (mindreforbruk) i kommunane ved årsslutt 2024 er 11,5 mill. Sjå tabell 5 for detaljar for kvar kommune.

- Bergen kommune:
Prognosen visar at kommunen ved utgangen av 2024 totalt har ca. -4,8 mill. i fond, som er fordelt slik: -6,3 mill. i fylkeskommunen og 1,5 mill. i eget fond.
- Alver kommune:
Prognosen visar at kommunen ved utgangen av 2024 totalt har ca. -0,6 mill. i fond som er fordelt slik: -1,4 mill. i fylkeskommunen og 0,8 mill. i eget fond.
- Askøy kommune:
Prognosen visar at kommunen ved utgangen av 2024 totalt har ca. 6,7 mill. i fond som er fordelt slik: 3,8 mill. i fylkeskommunen og 2,9 mill. i eget fond.
- Bjørnafjorden kommune:
Prognosen visar at kommunen ved utgangen av 2024 totalt har ca. 3,5 mill. i fond som er fordelt slik: 1,5 mill. i fylkeskommunen og 2 mill. i eget fond. Det har vore ein del omdisponeringar av midlane knytt til prosjekt som er avslutta, eller som er overtatt av fylkeskommunen.
- Øygarden kommune:
Prognosen visar at kommunen ved utgangen av 2024 totalt har ca. 4,8 mill. i fond som er fordelt slik: -0,2 mill. i fylkeskommunen og 5 mill. i eget fond. Tiltaket *Innfartsparkering Ågotnes* viser eit meirforbruk på 4,2 mill. Tiltaket er ikkje del av HP 24-27, men det ble vedteke av styringsgruppa i HP 25-28 at tiltaket skulle få midlar i 2024.

Tabell 5 - Prognose for prosjekt finansiert av belønningsmidlar til kommunane (tal i 1000 2024-kr.)

Prosjekt	Overført frå 2023	Omdisponert i 2024	Utbetalt i 2024 (HP)	Til disp 2024	Reknskap hittil (30.4)	Prognose for 2024 v/1.1	Avvik (til disp - prog.)	Kommentar
Oppfølging av handlingsplan for sykkeløst i Bergen kommune	6 724		25 000	31 724	4 134	31 724		Hovedaktiviteten i 1. tertial har vært på sykkeltiltak med fortau i Dokkeveien som nå er ferdigstilt. Det pågår arbeid på Damsgård-Småpudden, Wiers-Jensensvei, Gabriel Tischendorfs vei, Løbergsveien og Olaf Ryas vei. Tiltaket i Lyngfaret og Vestre Vadmyra stoppet opp da entreprenøren gikk konkurs. Det jobbes med ny konkurranse for å ferdigstille prosjektet. Nonnekloppen-Florida er i startgropen.
Bysykelordningen i Bergen			4 300	4 300	3 409	4 300		Bysykelordninger er videreført som tidligere.
Tiltak i handlingsplan for gange	2 844			2 844	451	2 844		Det pågår arbeid knyttet til oppgradering av Øvre Stadionveien, Skoglien og Løvstakkeveien samt gangetiltak i Fyllingsdalen og Bergveien.
Sykkelbyavtale - Sykkelen Bergen			2 200	2 200	7	2 200		Kostnadene kommer senere på året.
Kronstad - Haukeland vest sykkelkobling			2 000	2 000	0	2 000		Prosjektet er startet opp i mai
Tiltak i handlingsplan for gange - bygging			6 500	6 500	0	6 500		Det er planlagt og klargjort 12-14 enkelttiltak i Åsane som vil forbedre skoleveien til barn i området. Prosjektene starter fortløpende utover året.
Tiltak i handlingsplan for gange - plan			1 700	1 700	282	1 700		Midlene brukes for å planlegg og klargjøre prosjekter for bygging
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein			1 500	1 500	0	1 500		Prosjektet er ikke startet enda
Kv3373 Bjørndalsbakken bru			1 500	1 500	0	0	1 500	Prosjektet er tatt ut av handlingsplanen i mai
Delsum belønningsmidlar til Bergen	9 568	-	44 700	54 268	8 282	52 768	1 500	
Strategiplan	300			300		300	0	Det er begrenset oversikt og oppfølging i forhold til prosjekter finansiert gjennom Post 66 i Alver kommunen. Dette har påvirket både fremdriften, og rapporteringen til disse prosjektene, og skyldes kapasitetsrelaterte utfordringer i kommunen. Kommunen jobber med saken, og det pågår en prosess for å ansette en prosjektleder som følger opp Miljøløftet prosjekter i kommunen.
Prosjektutgreiing	1 150			1 150		1 150	0	Prognosen på tiltakene var ikke tilgjengelig ved rapportering.
Sykkelpakke	294			294		294	0	Prognosen på prosjektene er dermed satt lik "til disp".
Fysiske tiltak	2 000			2 000		2 000	0	
Prosjektsamling belønningsmidlar Alver	4 205		4 100	8 305		8 305	0	
Trygg sykkelparkering	250			250	242	242	8	Prognosen på prosjektene er dermed satt lik "til disp"
Fv5452 Hillesvåg - Apalen, et av G/S-veg			500	500		500	0	
Delsum belønningsmidlar til Alver	8 199	-	4 600	12 799	242	12 791	8	
Oppfølging av sykkelstrategi	1 054		200	1 254		1 254	0	Prognosen på tiltakene var ikke tilgjengelig ved rapportering.
Planleggingsmidlar Askøy kommune	627		2 600	3 227	445		3 227	Prognosen på prosjektene er dermed satt lik "til disp".
Kv 1158 Kvernhusdalen	-555			555			-555	
Trygg sykkelparkering	250			250			250	Holder på med å anskaffe. Vil bruke midlene senere i år.
Delsum belønningsmidlar til Askøy	1 376	-	2 800	4 176	445	1 254	2 922	
Berekraftig og attraktivt Osøyro	467			467		100	367	Aktivitetkampanjer. Vurdere å omdisponere.
Fortau langs Gymnasvegen	822	822		0			0	Ferdig. Blei finansiert med post 30. Kommunen har omdisponert til sykkelstrategi for Bjørnafjorden.
Fotogjengarovergang på Særvoll	178	178		0			0	VLFK skal gjøre dette arbeidet sjølv. Er omdisponert av kommunen.
GS-løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla	-						-	Ikkje miljøløft, VLFK har overtatt saken
GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen)	- 143	143					-	Ferdig. Kommunen har omdisponert midlane.
GS-løysing mellom Lidarosgardane og Lyseparken	-						-	Omdisponert og avsluttast
GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkt-/sentrumutvikling	- 52	52					0	Omdisponert og avslutta av kommunen
Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard	1 816			1 816	120	1 816	0	Planlagt konkurranseutlysing i løpet av sommaren 2024. Prosjektet skal fullfinansierast med post 30 i 2025.
Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken	-						-	Ferdig/avslutt. Rest blei omdisponert.
Søfteland - ny veglinje og GS-løysingar for E39, "Byvegen"	211	211		0			0	Vi skal ikkje gjere noko arbeid her no. Omdisponerast.
Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune	613	1 015	1 000	2 628		1 900	728	Skal bestille sykkelboksar, reguleringsplan Lyseparken - Søfteland, fortau Giskavollen - Byvegen.
Trygg sykkelparkering	250			250		250	-	Sykelboksar er under bestilling
Innfartsparkering Lyseparken	403			403			403	Ferdig. Må omdisponerast når sluttrekning er kome.
Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro	-						-	Omdisponert av kommunen
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune			1 000	1 000		500	500	Arbeidet med grønn mobilitetsstrategi starta. Ventar vedtak hausten 2024.
Delsum belønningsmidlar til Bjørnafjorden	4 563	1	2 000	6 562	120	4 566	1 996	
Fv Ågotnes Miljøgate	3 607			3 607		800	2 807	Manglande framdrift grunna oppheving av regplan Koltveit - Ågotnes. Startar arbeid med nedskalert regplan som kun gjeld vegtiltaket
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	2 400		1 000	3 400		2 400	1 000	2,4 mill skal overførast til prosjekt "Innfartsparkering Ågotnes" jf HP 25-28
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	400		200	600		400	200	Vurderer etablering av sykkelparkering ved Rådhus og andre offentlege funksjonar i Straumeområdet.
Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen	3 888			3 888	34	1 000	2 888	Konsulent for områdeplan på plass før sommaren. Arbeid med parkeringsstrategi Straume vert tatt frå same pott.
Kampanje haldningsskapande arbeid	70			70	0	70	-	Ønskjer å gjennomføre ulike kampanjar i 2024 for å redusere køproblem/få fleire over på kollektiv
Trafikkanalyse for regionsenter Straume	711		400	1 111	593	1 720	609	Arbeidet er i gang og venta ferdigstilt haust 2024. Har bedt om 200 tusen ekstra i HP 25-28 med utbetaling i 24.
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringssevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	1 000		2 000	3 000		400	2 600	Utbetalt i 2024 skal vera 1 mill (ikkje 2 mill). Ønskjer å lyse ut stillinga på nytt.
Trafikksikringsplan Øygarden	1 000			1 000		500	500	Knytt til konsulent for arbeidet, og har pr april 24 hatt oppstartsmøte.
Trygg sykkelparkering	250			250	255	265	15	Etablert sykkelparkering ved kollektivterminal på Ågotnes.
Innfartsparkering Ågotnes	-292			292		4 000	4 292	Bli sendt ut på anbod mai 24, anleggstart haust 24. Ikke en del av HP 24-27. Har bedt om ca. 5 mill. i HP 25-28 med utbetaling i 24.
Delsum belønningsmidlar til Øygarden	13 034	-	3 600	16 634	882	11 555	5 079	
SUM BELØNNINGSMIDLAR TIL KOMMUNANE	36 740	1	57 700	94 439	9 971	82 934	11 505	

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 6 viser oversikt over årsprognosen for enkeltprosjekt som er finansiert av fylkeskommunale midlar og som er del av handlingsprogram 2024-2027. Fylkeskommunen finansierer også prosjekt som ikkje var del av handlingsprogram 2024-2027. Dette blir vist i tabell 7. Dette er prosjekt som har vore del av tidlegare handlingsprogram, men som også har aktivitet i 2024.

Prognosen tilseier eit meirforbruk på 6,3 mill. i 2024. Dette er i hovudsak forklart ved at fleire tiltak dreg med seg etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år, samt at det på nokre prosjekt har oppstått behov på eit tidlegare tidspunkt enn planlagt. Dei største avvika gjeld tiltaka *Trafikksikkerheit* og *Standardheving med vedlikeholdskaraktar av fylkesveg*. Sjå kommentarar i tabellen for meir detaljert forklaring per prosjekt.

Tabell 6 - Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag i Miljøløftet (tal i 1000 2024-kr.)

Satsingsområde	Tiltak frå handlingsprogram 2024-2027 år 2024	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP				Kommentar årsregnskap byggherre
		HP 2024-2027 år 2024	Løyving VLFK 2024	Prognose 2024 v/T1	Avvik 2024 (til disp - prognose)	
Gange og sykkel	Fv5216 Håkonshellavegen, Alvøen-Myraskjenet, gang- og sykkelveg	55 500	57 800	20 850	36 950	Endring i framdrift frå tidlegare år. Ventar ferdigstilling av tiltaket i løpet av sommaren 2024, med sluttoppgjør haust/vinter.
Gange og sykkel	Fv5190 Apeltunvegen	36 400	4 900	4 900	0	Prosjektering pågår i 2024 og der er lagt opp til bygging i 2025.
Gange og sykkel	Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen-Nattlandsveien	15 900	16 600	7 000	9 600	Tiltaket har endra framdrift i høve til utsett utlysning/oppstart. Grunnerverv er ikkje ferdig grunna redusert kapasitet på ervervsida. Byggestart vert skyvd til haust 2024.
Gange og sykkel	Oppgradering av sykkelfelt/fartsputer					
Gange og sykkel	Sykkeltelling i Bergensområdet	2 000	2 000	2 000	0	
Gange og sykkel	Standardheving med vedlikeholdskaraktar fylkesveg	51 000	53 100	68 475	-15 375	Tiltaka dreg med seg eit etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år. Det er venta eit meirforbruk på potten som heng saman med slutføring av tiltak som vart starta opp i 2023 men først vert fullført i 2024. Tiltaka er i ulike fasar, nokre under prosjektering, andre er i gang og nokre står det kun att sluttoppgjør. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Gange og sykkel	Trafikksikkerhet	25 500	25 500	39 545	-14 045	Det er venta eit meirforbruk på omlag 14 mill.kr på denne potten. Tiltaka dreg med seg eit etterslep frå tidlegare år og får økt produksjon i 2024. Bruk av rammekontrakt for mindre vegtiltak gjer at tiltaka realiserast fortløpende etter prosjektering. Det er håp om å ta igjen det meste av etterslepet i 2024. Fleire tiltak er under bygging og er venta ferdigstilt i løpet av året. Prosjektering pågår på nye tiltak for kontinuitet på posten. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024 på denne potten.
Gange og sykkel	Planlegging fylkesveg	15 300	15 300	18 270	-2 970	Det er venta eit meirforbruk på potten i 2024. Avviket er mellom anna knytt opp til oppstått behov for grunnundersøkingar i tidleg fase på planprosjektet Kjøkkelvikvegen, Fæsterhuset-Krabbedalen. Planprosjektet Fv 564 Salhusvegen, Ulsettemma er det behov for supplerande geotekniske undersøkingar i planfasen. Prognosane er usikre i denne potten. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Gange og sykkel	Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv	5 100	5 100	9 940	-4 840	I denne potten inngår tiltaka; Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau - Det er lagt opp til prosjektering og grunnerverv i 2024 på tiltaket. Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg - Det er lagt opp til prosjektering og grunnerverv i 2024 på tiltaket. Fv5452 Leknesvegen - Det er lagt opp til prosjektering og grunnerverv i 2024 på tiltaket. Fv560 Skogsskiftet sentrum - I 2024 vert det gjennomført prosjektering på tiltaket. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Gange og sykkel	Fremkommelighetstiltak sykkel	3 600	3 600	3 600	0	Tiltak som gjennomførast over potten i 2024 er Hillerenvegen, Kringsjøvegen og Salhusvegen.
Gange og sykkel	Program for teljing og analyse av fotgjengartraumar og åtfærd	1 000	1 000	1 000	0	
Kollektivtransport	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	40 000	40 000	40 000	0	
Kollektivtransport	Vedlikeholdstiltak av investeringskaraktar Bybanen og Trolleybuss	17 000	17 000	25 000	-8 000	Det er naudsynt for utskifting av eksisterande master på et tidlegare tidspunkt enn først planlagt. Kompensarar med reduksjon i løyving dei kommande åra. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Kollektivtransport	Gangveier til kollektivtraséer	12 100	12 100	12 100	0	
Kollektivtransport	Oppgradering holdeplasser	8 200	8 200	13 000	-4 800	Tiltaka dreg med seg eit etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år og får økt produksjon i 2024. I 2024 vert det gjennomført tiltak i Sandalsringen, Drotningstveit, Olsvik, Elveneset/Ulsmåg. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Kollektivtransport	Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak	3 100	3 100	6 000	-2 900	Tiltaka dreg med seg eit etterslep og mindreforbruk frå tidlegare år. Det pågår prosjektering av tiltak i Eidsvågveien. Venta oppstart hausten 2024. Det vert lagt opp til budsjetjustering i løpet av 2024.
Kollektivtransport	Oppgradering signalanlegg og ASP	1 500	1 500	1 500	0	
Kollektivtransport	Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	500	500	500	0	
Anna	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	9 000	9 000	9 000	0	
Anna	Reisevaneundersøkingen (RVU)	1 500	1 500	1 500	0	
	Sum fylkeskommunalt bidrag	304 200	277 800	284 180	- 6 380	

Tabell 7 – Prosjekt som ikkje var del av HP24-27 (tal i 1000 2024-kr)

Satsingsområde	Tiltak som ikkje var del av handlingsprogram 2024-2027	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP				Kommentar årsregnskap byggherre
		HP 2024-2027 år 2024	Løyving VLFK 2024	Prognose 2024 v/T1	Avvik 2024 (til disp - prognose)	
Gang og sykkel	Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen BT4	0	0	27 076	-27 076	Usikker prognose. Sluttavregning inngår i sluttavregning for Bybanen BT4 og er ikkje avslutta.
Gang og sykkel	Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet - Lyderhornsveien	0	0	100	-100	Prognosen noe usikker prosjektoptimalisering pågår i 2024.
Gang og sykkel	(M) Fv 5348 Klostergaten	0	0	1 550	-1 550	Det er lagt opp til oppstart prosjektering haust 2024.
Gang og sykkel	Fv5200 Infrastruktur Paradis	0	0	31 500	-31 500	Grunntrentreprise er ferdigstilt, men sluttoppgjøret pågår. Paradis bru vert montert sommaren 2024.
Gang og sykkel	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	0	35 000	55 000	-20 000	Endra framdrift tidlegare år gjer at det vert høgare aktivitet i 2024 enn det som var lagt opp til i budsjettet for 2024. Det inneber at tiltaket har behov for budsjettjustering i 2024. Inga endring i totalprognosen.
Gang og sykkel	Fv552 Etablering av trafikkikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	0	32 100	36 000	-3 900	Bygginga av tiltaket starta mars 2024.
Gang og sykkel	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	0	13 800	20 000	-6 200	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig våren 2025. Forskyving frå tidlegare år gjer at tiltaket i 2024 treng budsjettjustering i løpet av 2024.
Gang og sykkel	Fv5452 Leknesvegen	0	4 900	500	4 400	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.
Gang og sykkel	Straksløsning Christiesgate	0	0	100	-100	Prognose usikker. Pågår dialog mot VD for avklaringer knytt til grunnlag for byggesak for ferdigstilling av tiltaket.
Gang og sykkel	Åsen-Helleskaret gang og sykkelveg	0	21 200	0	21 200	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.
Gang og sykkel	Fv 565 Manger kirke - Hesthaugen, forttau	0	2 600	0	2 600	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.
Gang og sykkel	Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg	0	5 100	0	5 100	Staten har ikkje løyvd midlane over statsbudsjettet 2024. Midlane vert justert ut i frå Vlfk budsjettet i 2024.
Kollektivtransport	Fv5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp	0	4 000	3 000	1 000	Lagt opp til bygging haust 2024 med sluttoppgjør i 2025. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024.
Kollektivtransport	Fyllingsveien, forttau og fremkommelighet kollektiv	0	0	300	-300	Tiltaket er ferdigstilt. Venta kostnader i 2024, er knytt til restarbeider/støytiltak. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024.
Andre tiltak	Hjellestadvegen	0	0	-339 431	339 431	Det er inngått rettsforlik med entreprenør. Hordaland tingrett gav kjennelse o8.04.2024 at saken er forlikt. Sluttoppgjør knytt til ny ferdigstillende entreprenør og fakturering av etater pågår. Prognosen inneheld venta kostnader i 2024, inkludert kredintnota på ubetalte fakturaer. Når sluttavregning i prosjektet er tilstrekkeleg avklart, vil vlfk løfte fram ei sak om økonomiske konsekvensar og eventuelt finansieringsbehov
Andre tiltak	Planlegging av Bybanen byggetrinn 5 fra Bergen sentrum til Åsane	0	0	800	-800	Det kjem fakturaer knytt til etterarbeider til vedteken reguleringsplan BT5. Prognosen er basert på kjende fakturaer. Usikker prognose mhp kostnadsnivå i 2024. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2024.
	Bybanen IV	0	0	26 600	-26 600	
	Forberande arbeider Bybanen V	0	270 758	270 758	0	
	Sum	-	389 458	133 854	255 604	

Oppsummering og overordna prognose Bypakke Bergen

Tabell 8 gir oversikt over Bypakke Bergen med forventa bompengainntekter og prognose for rekvirering av bompengar til dei bompengefinansierte prosjekta. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for dei enkelte prosjekta. Fylket har rapportert til Statens vegvesen med kopi til sekretariatet, som er grunnlaget for tabell 8.

Prognosen for netto bompengainntekter pr. 1. tertial legg til grunn eit snittet for ÅDT på 256 000 i 2024, og at realisert gjennomsnittstakst blir 11,90 kr. Denne taksten er noko nedjustert sett mot det som blei presentert i sak 14/24 i Styringsgruppa tidlegare i år (12,00 kr).

Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2024 er om lag 376 mill. kroner, og at netto bompengainntekter er 460 mill. høgare enn prognosen for rekvirering av bompengar. Vi kan dermed forvente at gjelda i Bypakke Bergen er lågare ved utgangen av 2024, samanlikna med utgangen av 2023, då den var på 4,6 mrd.

Nokre av tiltaka i tabellen er ikkje del av Handlingsprogrammet 24-27, som gir nokre større avvik. Sjå kommentarfelt for dei enkelte tiltaka.

Tabell 8 - Oppsummeringstabell bypakke Bergen (tal i 1000 2024-kr.)

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN (Tal i 1000-kr)				
Bypakke Bergen 2024	HP24-27 (2024)	Prognose 2024 v/T1	Avvik (HP 2024 minus prognose)	Kommentar
Brutto bompenginntekt	-1 145 000	-1 112 000	-33 000	I HP24-27 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst i tråd med proposisjonen på 12,30 kr. forventa 2024-kr og ein ÅDT på 250 tusen. Prognosen pr. 1. tertial for brutto bompenginntekter legg til grunn at snittet for ÅDT er 256 tusen i 2024, og at realisert gj.sn.takst blir 11,90 kr
Netto drifts- og finanskostnader	286 000	276 000	10 000	I HP 24-27 var prognosen for drifts- og finanskostnader i 2024, lik prognosen for 2023.
Netto bompenginntekt	-859 000	-836 000	-23 000	
Førebuande arbeid med Bybanen BT5	265 300	270 758	-5 458	I styringsgruppa i Bypakke Bergen i desember 2022 (sak 89/22), blei det vedteke at "det kan benyttes inntil 102 mill. i 2023 og inntil 251 mill. i 2024" til førebuande arbeid med Bybanen BT5. Det blei ikke benyttet midler i 2023
Bybanen IV	-	87 000	-87 000	Bybanen IV prosjektet er ikkje endeleg sluttavregnet. Oppgitt beløp i finansieringstabellen er en prognose på venta uttak bompengar frå Ferde. Eksakt beløp knytt til behov for rekvirering av bompengar, vil ligge føre når sluttavrekninga er gjennomført
Planlegging av Bybanen V Bergen Sentrum-Åsane	-	800	-800	Prognosen her er knytt til dei fakturaene som fylkeskommunen har motteke i frå Bergen kommune knytt til restkostnader ved vedteke reguleringsplan.
Hjellestadvegen	-	17 170	-17 170	Sluttavrekning på prosjektet er ikkje ferdig. Oppgitt beløp i finansieringstabellen er en prognose. Eksakt beløp knytt til behov for rekvirering av bompengar, vil ligge føre når sluttavrekninga er gjennomført
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	265 300	375 728	-110 428	
Netto bompenginntekt minus rekvirering av bompengar		-460 272		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2024, er om lag 460 mill. lågare enn prognosen for netto bompenginntekter.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa for Miljøloftet tek saka til orientering.